

 Heile verksemda	<b>INTERNKONTROLL HMS</b>	Versjon: mai 2013 Utarbeida av: HMS Fagråd
	Retningslinene for installasjon og bruk av trådløst IKT-utstyr	Godkjent av: AMU Bø, AMU Nome, AMU Sauherad Side 1 av 1

Denne prosedyra gjeld for ikkje-ioniserande stråling, jf. FOR 2010-10-29 nr 1380: Forskrift om strålevern og bruk av stråling (Strålevernforskriften)

**Generelt:**

Pr. dato vurderast stråling frå trådløst kommunikasjon for så låg at det ikkje representerer nokon fare for liv og helse. Magnetfeltnivået ligg langt under det WHO har satt som grense, dvs. 10W/m<sup>2</sup> (watt pr. kvadratmeter). Målingar viser at trådløse nettverk ligg rundt 1/10 000 av dette. Frå WLAN (trådløst nettverk) er effekten maks 0,1W både frå basestasjon og nettverkskort i PC'en, og frå mobiltelefon ca. 0,25W.

Ut frå ovannemnde, vil Midt-Telemark kommunane rette seg etter følgjande retningslinjer:

- Føre-var prinsippet skal alltid ligge i botn. Det vil sei at ein i så liten grad som praktisk mogleg skal nytte trådløse samband innom IKT området. Ein må difor i kvart enkelt tilfelle vurderer trådløst samband opp mot andre løysingar. Midt-Telemark kommunane kan imidlertid opne opp for trådløst samband i fellesareal som møterom og torget.
- Basestasjonar/sendarar må stå så langt frå område der folk oppheld seg som mogeleg (frå sendar trådløst nettverk, WLAN, vil ca. 1 meter være tilstrekkeleg). Det vert tilrådd å ha basestasjonar i anna rom enn der personar oppheld seg til vanleg.
- Tilsette bør ikkje sitte med PC med sendar/mottakar i fanget.

Ved teknologiske endringar i system og utstyr eller når ny kunnskap ligg føre, må retningslinene justerast i tråd med dette.

MT-IKT og HMS-ansvarleg i dei respektive kommunane har ansvar for og følgje med på utviklinga og gjere nødvendige tiltak og oppdatere prosedyra.